 - aktivitetstilbod til barn, skuletilbod, leikeplassar, mv.
 - tilbod på fritida gjennom lag og organisasjonar
 - idrettsplass, dvs ikkje fotballbane. Legge til rette for anna type aktivitet. Til dømes skøytebane.
- Turisme og næring
- Båthamn med molo og friområde med badeplassar
- Møteplassar på Vassenden Utvikle Vassenden med møteplass
- Marknadsføring – flinkare på omdømebygging og unngå negative kommentarar på Facebook.
- Offentleg toalett må være tilgjengeleg - opne toalettet på Vassenden
- Vidareutvikle gode skular med uteareal for leik og aktivitetar
- Sikre areal for sentrumsutvikling – arealplan med 20-30 års perspektiv.
- Må få regulert eit nytt stort bustadfelt. Er nesten 40 år sidan reguleringa av Hjelbrekkefeltet.
 - tilgjengelig areal mellom Eikås og Fluge
- Bilfritt sentrum på Vassenden
- Delikatessebutikk og kafé for lokalmat, samt matkultursenter for barn (eks. Geitmyra matkultursenter)

ORGANISERING

- Kombinasjon av lokale folk, næringsliv og nokre eksterne
- Vassenden 2025 med støtte frå Sunnfjord Utvikling

Kritiske suksessfaktorar

- Eksterne som kan «heve blikket»
- Viktig at kommunen og Sunnfjord Utvikling legg til rette for arbeidet.
- Må ha ein «overbygning» for grrendalaga, Jølster 365, Jølster 2025, mv



ENGASJERT: Magne Støfring ønsker at Vassenden skal utvikle seg og melne plassen med

JØLSTER: Magne Støfring hadde forhåpninger om å få selt tre tomter då han la dei ut for sal i fjar. No er åtte av tolv selde, og den første familien er alt i gong med å flytte inn.

CECILIE BRENDEHAUG RYSJEDAL
Cecille.Rysjedal@firda.no

- Det har gått fortare enn eg hadde forventa. Fem hus er no under bygging, derav tre tomannsbustadar, ein firemannsbustad og ein einebustad, fortel Magne Støfring på Vassenden.

- Naturleg vekst

Bak byggfelta Langhogane ligg Jokvikhogen der fleire hus no er under oppbygging. Begge områda har tidlegare vore ein del av heimgarden til Støfring. Grunnen til at han har valt å skilje ut areal til bustadbygging er fordi han ser at det er behov, men også fordi han ønsker at



HOTELLEIGAR: Magne Støfring tok over Jølster hotell i fjar sommar. Til våren startar han med restaureringa innvendig. (Foto: Pål Solheimssnes)

ARKIVFOTO

Vassenden skal utvikle seg.

- Eg ser no at eg skulle ha hatt fleire tomter, for det er det behov for. Vassenden kan med fordel vekse, og det er også den naturlege utviklinga for dei fleste bygdene rundt Førde. Kommunesamslåinga fjernar ei sperrei i auga til folk. Lokalpatriotisme vil ein finne uansett, men allereie no ser eg at folk

har fått eit meir heilskapleg syn på området, seier Støfring.

- Kvifor skal ein bygge eit hus på Vassenden kontra Førde?

- Det som er eineståande her er at du har naturen rett utanfor husdøra, og kan til dømes spenne på deg skia på trappa om du vil. I tillegg er tomtene større, du har det romslegare rundt deg enn i Førde der tom-

tene kanskje ligg tett, svarar han.

Skal oppgradere hotellet

Onsdag er det igjen duka for folkemøte i regi av Sunnfjord Utvikling. Denne gong går turen til Gjesthalla på Vassenden, og Støfring har trua på at bygdefolket vil stille opp.

- Mitt inntrykk er at dette engasjerer. Eg veit om ein god del folk som skal - det vil forundre meg om dette ikkje er noko folk stiller opp på, seier han.

I tillegg til bustadtomter kjøpte Støfring også Jølster hotell i fjar. Planen er å satse på hotelldrift igjen, men ting er framleis i planleggingsfasen.

- Arbeidet er omfattande, og ein må prioritere kva ein skal begynne med først, men målet er å starte på renoveringa innvendig i løpet av våren. Så jobbar eg med å skaffe midlar, mellom anna gjennom Kulturminalenfondet, fortel Støfring.

Etter gammalt av har hotellet 30 rom. 25 av dei er med bad og på toppen er det ei større leilegheit. For å oppgradere hotellet

til dagens standard, vurderer han å slå saman to og to rom i deler av hotellet. I tillegg skal alle bada pussast opp.

- Eg har eit uttrykk som eg synest er bra: kortreiste pengar. Det eg får inn av pengar på Vassenden vil også bli brukt der, men det ligg ikkje an til hotelldrift i 2018, konkluderer Støfring.

FAKTA

■ I 2020 blir Jølster, Førde, Gaula og Naustdal ein kommune - Sunnfjord kommune.

■ Sunnfjord Utvikling og Revisjons- og rådgjevingsselskap PwC har gjennomførte djuptgående analysar av sterke og svake sider i dei fem tettstadane Bygstad, Sande, Vassenden, Skei og Naustdal.

■ Analysane skal leggast fram på folkemøte. Det første var på Sande 30. januar.

■ Dette er dei kommande folkemøta:

■ 8. februar: Skei.

■ 15. februar: Naustdal.

Stort oppmøte på folketmøte på Vassenden

- Vi må vise at vi er beste bydelen

JØLSTER: Jostein er fødd og oppvoksen på Vassenden. Han meiner bygda no bør gripe sjansen og vise at dei er den beste plassen å bu i nye Sunnfjord kommune.

CECILIE BRENDHAUG RYSJEDAL
cecille.rysjedal@firda.no

- Eg hugsar tilbake til då det første burettslaget kom her. Då var det stort oppslag i Firda, og ingen av dei familiene som flytta inn hadde tilknyting til Vassenden. På spørsmål om kvifor dei valde å flytte hit svarte dei at det var grunna den store lags- og organisasjonsaktiviteten her, som dei ønskte å ta del i, men også fordi dei såg på Vassenden som ein god plass for barn å veksle opp. Det ber det også driei seg om vidare, sa Jostein Kjønes.

Han meiner Vassenden har moglegheten, men at det er opp til innbyggjarane sjølv til å få det til å skje.

- Vi kan ikkje stole på politikarane, for då blir det ikkje gjort. Vi må mobilisere sjølv. I den nye storkommunen er det store, spennande utfordringar, og no må vi vise at vi er dei beste!

Fult ungdomshus

Over 130 menneske hadde funne vegen til folketmøtet i regi av Sunnfjord utvikling i Gjesthalla onsdag.

- Veldig kjekt at så mange har møtt opp. Dette må vere rekord! Eg trur ikkje det hadde kome like mange i forhold til folketmøtet i Førde, sa Jan Floo frå PWC.

Jølster er den kommunen med lågast folketalsvekst av dei fire kommunane som no skal slå seg i lag. I tettstadanalysen viste PWC til at det i år 2000 var 992 arbeidsplassar i Jølster, og at dette også var status for 2016.

For 18 år sidan var det 582 personar som pendla til Førde på jobb, medan heile 40 prosent av den nær 3000 innbyggjarane pendla til Førde i 2016.

Ønskjer seg båthamn

I gruppen diskuterte dei frammette kva dei tre viktigaste punkta for å utvikle Vassenden er. Bygging av hall, veda E39-trase og flere tomtar var punkta som gikk igjen.

- Det er viktig at den nye E39-traseen gjennom bygda vert vedtatt, elles kjem vi oss ikkje vidare med å planlegge nye tomtar. Vi ønskjer oss også ei småbåthamn. I tillegg må vi bli flinkare på omdommebygging. For å få dette til å skje bør det settast ned ei arbeidsgruppe, sa Frode Svidal.



INNSPEL: Det frammette vart utfordra på å peike på dei tre viktigaste punkta for å utvikle Vassenden.



FRISK: Kring 130 menneske var samla i Gjesthalla. Ein av dei var Alf Støfring.



ALLE FOTO: CECILIE BRENDHAUG RYSJEDAL

Ingunn Fanebust tok ordet for si gruppe.

- Vi meiner den planlagde hallen er veldig viktig. Vi meiner at ein ber sikre areal for sentrumsutvikling slik at vi har mogleigheter til å utvide til dømes skulen og området rundt. For å skape engasjement føreslår vi at Vassenden 2025 og grändalag blir involvert i arbeidet.

Betrer folkehelse

Magnus Hope, tidlegare gymlearar på Vassenden, meiner Vassenden treng ein idrettsplass.

- Den fysiske helsa går tilba-

ke. Det har eg sjølv sett som gymlearar. Vassenden skulle hatt ein idrettsplass berre for friidrett, og gjerne med skøytebane rundt. Vi må nytte naturen, og plussar ein på med kulde vil vi kunne få ei skøytebane som heile Sunnfjord kommune kan nytte, sa han.

Ordførar Oddmund Klakegg fekk halde siste innlegg for kvelden. Han meiner Vassenden har mykje positivt i vente.

- Det å gje eit område eigarskap til eiga framtid er avgjørande for å lukkast. Kommunen har fått litt pes for ikkje å vere framtidssreta nok, men vi har bygd ein ny barnehage og held



DISKUSJON: Folk kom med mange forslag til korleis ein kan utvikle Vassenden framover. Her sit mellom anna Ingunn og Geir Fanebust (t.v.) og Judith Kapstad (til høgre) og diskuterer.

på med stor skuleutbygging. Vi gen red.merkn.). Eg er samd i at skal sikkert lagt til rette for det er viktig å halde eit godt by- og oppvekstmiljø for dei som ønskjer å bussete seg i bygda.

FAKTA

■ I 2020 blir Jølster, Førde, Gaular og Naustdal ein kommune - Sunnfjord kommune.

■ Sunnfjord Utvikling og Revisjons- og rådgjevingsselskap Pwc har gjennomført dypgående analysar av sterke og svake sider i dei fem tettstadane Bygstad, Sande, Vassenden, Skei og Naustdal.

■ Analysane skal leggast fram på folketmøte. Det første var på Sande 30. januar.

■ Dette er det kommande folketmøtet:

■ 15. februar: Naustdal.

Skei

Skei

Skei er administrasjonssenteret i Jølster kommune. Skei er eit vegknutepunkt mellom E39 og riksveg 5, og ein møtestad for det meste av vegtrafikken som går gjennom Sogn og Fjordane.



Tenester og tilbod

Offentlege tenester

Skule og barnehage

- Barne- og ungdomsskule (200 elevar)
- Skei Barnehage (4 avdelingar)
- Årdalen og Stardalen Barnehage (privat)

Helse

- Legesenter og helsestasjon
- Omsorgsbustad (tilsvara sjukeheim)
- Fysioterapi

Anna

- Servicetorg (inkl. NAV)

Privat tenesteyting

Detaljhandel

- Daglegvarehandel
- Interiør og suvenir
- Jordbruk

Bensinstasjon med café

Post i butikk

Bank i butikk

Andre tenester

- Thon Hotell
- Jølster Bil – verkstad
- Treningscenter

Lag og organisasjonar

Idrettslag

- Jølster Idrettslag
- Jølster Speidere

Organisasjonar

- Jølster Kulturskule
- Jølster Samfunnshus
- Skei Danseverkstad
- Skei Skulemusikk
- Skei Miljøutvikling
- Jølster Næringsforum

Arrangement og møteplassar

Arrangement

- Jølster Aurefest
- Din Jølsterdag
- Jazz på Jølst
- Dansegalla

Møteplassar

- Skei Stadion
- Skei Misjonshus
- Esso - kro
- Fjøsen Skei – pub og danselokale
- Panorama
- Båthamn

Offentlege tenester



Skule og barnehage

- Barne- og ungdomsskule (200 elevar)
- Skei Barnehage (4 avdelingar)
- Årdalen og Stardalen Barnehage



Helse

- Legesenter
- Helsestasjon
- Omsorgsbustad (tilsvara sjukeheim), nyleg utvida og gjort investeringar for 80 millionar
- Fysioterapi



Anna

- Servicetorg
- NAV-kontor og barnevernkontor
- Lensmannskontor
- Miljøstasjon

Private tenester



Detaljhandel

- Coop Marknad
- Joker
- Audhild Viken
- Felleskjøpet
- Fotobutikk
- Årdalsbakke Elektro
- Byggmix



Andre tenester

- Thon Hotell
- Jølster Bil - verkstad
- Frisør
- Fotterapeut
- Entreprenører
- 2 treningsentre



Bensinstasjon med café



Bank i butikk og minibank



Post i butikk

Lag og organisasjonar



Idrettslag

- Jølster Idrettslag
 - Alpint, barneidrett, fotball, friidrett, handbok, handball, langrenn, spinning, volleyball, Jølster Maraton og vektløfting
- Jølster Speidar
 - Ca 140 medlemmer og ein av dei største speidargruppene i Norge



Organisasjonar

- Jølster Kulturskule
- Jølster Samfunnshus
- Skei Danseverkstad
- Skei Skulemusikk
- Skei Miljøutvikling
 - Organisasjon som jobbar for tilrettelegging av aktiviteter og realisere ønske frå innbyggjarar
- Jølster Næringsforum

Arrangement og møteplassar



Arrangement

- Jølster Aurefest (over 1000 fiskarar i 2017)
- Din Jølsterdag
 - Samla kring 700 personar i Skei sentrum
- Jazz på Jølst
 - 5 konserter forskjellige stader på Skei, opp mot 200 personar på dei største konsernane
- Dansegalla
 - Ca 3 000 billettar selt i år



Møteplassar

- Skei Stadion
- Skei Misjonshus
 - Basen til speidarane
- Esso - kro
- Fjøsen Skei – pub og danselokale
- Panorama
- Båthamn
- Badeplass

Tilgjengeleg bustad- og næringsareal

Finn.no per 30.10.2017

- 1 tomt (Fugle)
- 2 einebustadar
- 1 leilegheit


Tomter

- Brendehaugane
 - Regulert for 30 tomter
- Fugle
 - Regulert for 20 tomter
- Viken 1 og Viken 2
 - Kommunalt felt med tre ledige tomter per 14.09.17

Næringslokalar



- Fleire ledige kontorlokale. Gamle bankbygget (ca 90 kvm), HV10-bygget, Postbygg (ca 200 kvm) og kontorlokale over Joker

| | |
|----------------|---|
| [Yellow] | Bebygelse og anlegg - nåværende |
| [Light Yellow] | Boliqbetygelse - nåværende |
| [Yellow] | Boliqbetygelse - fremtidig |
| [Orange] | Fritidsbebyggelse - nåværende |
| [Dark Orange] | Sentrumsformål - nåværende |
| [Red] | Tjenesteyting - nåværende |
| [Purple] | Næringsbebyggelse - nåværende |
| [Dark Purple] | Næringsbebyggelse - fremtidig |
| [Maroon] | Grav og urnelund - nåværende |
| [Dark Maroon] | Grav og urnelund - fremtidig |
| [Light Green] | LNFR-areal - nåværende |
| [Green] | LNFR-areal , Spredt boliq-,fritids-og næringsbe |
| [Light Blue] | Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørend |



Folketalsutvikling i tettstaden

- Skei er her definert som grunnkretsane Fugle og Skei
- Folketalet på Skei utgjer om lag 18% av Jølster Kommune
- Gjennomsnittleg årleg vekst på Skei fra 2007 til 2017 har vore 1,0% mot resterande grunnkretsar som har vore 0,3%
- Gjennomsnittleg årleg vekst i Sunnfjord har vore 0,6% i same periode



Kjelde: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Skei

- Intervju med representantar frå tettstadane

Styrker

- Geografisk sentralt plassert
 - ideelt for logistikk
 - ideelt som møteplass
 - midt mellom nasjonale turistattraksjonar
- Fasilitetar og infrastruktur
 - 3 flyplasser innan 1 time kjøring
 - store statlege infrastrukturprosjekter neste 5 år som vil forsterke sentral plassering
 - Skei Hotell
- Kommunesenter
- Potensiale for turistattraksjonar knytt til fjell, vatn og bre
- Merkenamnet Jølster

Svakheiter

- Den tettstaden med lengst avstand til Førde
 - treng oppmerksamheit for å oppretthalde arbeidsplassar og næringsutviklingstiltak framover
- Den geografisk sentrale plasseringa er ikkje godt nok utnytta eller kommunisert
- Moglegheiter knytt til turisme er ikkje godt nok utnytta
 - ikkje lukkast med å utnytte den korte avstanden til breen (Tverrfjellet)
- Ein kan bli betre til å bygge opp under og selje Skei som ein god plass å bu og arbeide

Skei

- Innspel frå folkemøte

Tre punkt som dei fleste gruppene nemnde i si oppsummering:

- Gjere sentrum meir triveleg slik at folk ynskjer å stoppe – miljøgater og parkeringsplassar.
- Turisme – Jølstravatnet, auren, bre, kunst
 - aktivitetsbasert turisme
 - informasjonsplass og «guideplass»
 - vintereturisme og toppturar
- Tilrettelegging for bustader - sentrumsnære bustadtomter

Andre punkt nemnt

- Auke tal arbeidsplassar. Treng hjelp frå kommunen for å realisere dette.
 - «lys» på kommunehuset
 - peike ut Skei som logistikk senter – et naturlig satsingsområde.
- Idrettshall
- Tverrfjellet
- Marknadsføring kvalitetane som er på Skei og framsnakke tettstaden
 - sentral geografisk plassering med god infrastruktur – både for å busette seg og lokalisere verksemder.
 - merkenamnet Jølster – Astrup, Eikås, Vatn, auren, bre (Tverrfjellet).
- Ny vei frå Kjøsnes til Fossheim – ta ut skog, men og etablere turområde.
- Båt og rasteplass ved bruа. Turistane har moglegheit til å oppleve Kjøsnesfjorden.
- Etablering av attraksjonar - leikeland, sykkelsti, Via Ferrata, kaffe
- Coop Extra på Skei
- Kafé. Fylt ut og laga fleire T'er med naust i Skeibukta. Her kan det være kafé og restaurant drift. Bra for innbyggjarar og turistar

ORGANISERING

- Utval med lokale eldsjeler og næringsliv, samt støtte frå det offentlige

Kritiske suksessfaktorar

- Støtte frå det offentlige i form av til dømes sekretariat og mentor funksjon
- Tomteselskap som instrument mot utfordring med kapital.
- Engasjere eksisterande organisasjonar
- Informasjon og marknadsføring

Flyttar til Skei, fylkets midtpunkt



I BYEN: Elisa Sunde går rundt i Bergen og lengtar heim til fjella og vatnet på Skei.

FOTO: GEIR JETMUNDSEN



FOTO: OLE JOHANNES ØVRETVEIT

Lengtar etter fjella og vatnet

Etter å ha vore borte i 17 år, tek Elisa Sunde sjansen og flyttar heim til Skei. Utan jobb, men med ei nydeleg tomt.

OLE JOHANNES ØVRETVEIT
ole.johannes.ovretveit@firda.no

- Då den tomta kom for sal, kjende eg på meg at dette var ein sjanse som kanskje ikkje kom til på mange år, så vi slo til, kjøpte, og no skal vi flytte heim, seier Elisa Sunde (34). Ho har kjøpt tomt på Kjøsnesstranda, ein kilometer frå Skei sentrum på veg mot Sogndal.

I dag jobbar ho som optikkar i Kong Oscar-gata i Bergen. Der har ho budd i tre og eit halvt år.

- Eg flytte frå Jolster då eg var 17. Sidan det har eu og budd på Kongsberg, Sandane, Førde, Oslo og Bergen. Eg var innom Jolster eit halvt års tid, men

hadde vi ein båt inne på Sagrov, og då brukte vi av og til å reise ut midt på natta og fiske med oter, og gjerne ta eit bad når vi kom inn i til totida. Det hugsar eg veldig godt, idylliske sommarneittar.

Naturopplevingane har vore mange:

- Mamsen har alltid vore flink å ta oss med på piknik, vi tok med oss noko mat etter jobb og skule, og koste oss i vasskanten på Lunde eller andre stader.

- Men for ei som er van med Bergen og Oslo kan det bli ein hard overgang å flytte til Jolster!

At olen har tild til Skei.

- Kjøp for det så viktig?

- Eg lengtar heim til naturen. Til nærlæring til fjella og vatnet. Og familie og venner. Og så syns eg det er lettare å gå på bessoek til føle heime. At olen har tild til deg, på ein måte.

Vatnet betyr veldig mykje for Elisa.

Idyll ved Jolstravatnet

- Eg hugsar jo frå barndommen, då vi budde ikkje så langt frå vatnet, så var det opp og ned mellom huset og vatnet, kos og bading og fisking. Før



SENTRALT: Skei ligg nokså midt i Sogn og Fjordane, med kort veg til tre lufthamner.

at ein er innanfor pendlaravstand til alle dei tre städene.

Innanfor same avstand finn du jo og Jolster skisenter, Utvikfjellet, Sogndalsdalen og ei dross med toppturar. Nei, Skei, skal eg seie deg, det ligg midt i smørauget!

- Så du berre hoppar i det, utan sikkerheitnett, og flyttar?

- Det er jo sjansar for jobb både i Førde, Sandane og Sogndal. Det er jo fordelen med Skei,

Han er ein vaskekete tilflyttar

- Du kan jo ikkje få få betre enn dette, meiner Chris-André Kjelsnes. Han bygger hus rett ved der Elisa Sunde har kjøpt tomt på Kjøsnesstranda.

OLE JOHANNES ØVRETVEIT
ole.johannes.ovretveit@firda.no

- Eg vaks opp i Haukedalen, no har eu budd ti-tolv år på Bru-

land i Førde og no flyttar vi til Skei. Sambuaren min er heller ikkje frå Skei, så vi er vaskekete tilflyttarar, smiler Chris-André Kjelsnes.

24-åringen jobbar som anleggsteknikar og landmålars hos Ottar Dvergsdal AS. Gjenom pendlinga frå Førde til Eller på Skei har han lært seg å sette pris på Jolstravatnet:

Vatnet er terapi

- Det er rein terapi, det, å køyre langs dette vatnet morgon og kveld.

No skal han ha utsikt til vatnet heile døgnet, om han vil. Chris-André kjøpte tomta på Kjøsnesstranda, teikna tomannsbustaden som no er under oppføring. Den skal han og sambuaren ha halvparten av.

- Den andre halvparten var ikkje vanskleg å selje. Vi slo oss saman med nokre andre som opphavleg hadde ein annan plan.

Landleg, men sentralt

Skei har alt du treng, meiner Chris-André.

- Og så kjem du deg litt vakk frå sentrumskjermen i Førde.

Det ligg

landleg til. Landleg, men likevel sentralt.

At Skei ligg sentralt til, kan Chris-André skrive under på:

- Det opplever eg dagleg i jobben, det. Med heile fylket som nedslagsfelt er det veldig snautt å halde til på Skei. Vi ligg jo i sentrum for vegetbygginga dei neste ti åra, med tanke på Bjørset-Skei, tunnel i Kjøsnesfjorden og rassikring i Våtedalen. Oppdragene står i kø i nærområdet.

Best på kommunikasjon i indre Sunnfjord

Pendlaren mellom Førde og Jolster har det beste kommunikasjonstilbodet i Indre Sunnfjord.

Kvar kvardag er det 49 avgangar med offentleg transport frå Skei til Førde, og 42 ruter andre vegar, til saman blir det 91 avgangar. Av tettstadene i Indre Sunnfjord er det berre Vass-

den som har eit betre tilbod, med til saman 105 avgangar. Til samanlikninga har Sande til saman 54 avgangar, Naustdal til saman 48 avgangar, og Bygstad berre 9.

Dette kjem fram i tettstadanalysen PWC har utarbeidd for Sunnfjord Næringsutvikling, og som vil bli lagt fram på folkemettet på Skei torsdag kveld.

I rapporten er folk i tettstadene intervjuya om kva dei meiner om staden og om kva de mener om sitt område.

Skei er den tettstaden i Indre Sunnfjord med størst avstand til Førde, og at ein treng merktid for å halde opp arbeidsplassar og næringsutviklingsstiltak framover. Den geografisk sentrale plaseringa er ikkje godt nok utnyttu eller kommunisert, meiner folk, ei helle muligheitene når det gjeld turisme.

Av svake sider nemner folk at

len for bygda



GENEROS: - Ta garden vår! Det blir det mest fantastiske bustadfeltet på Skei, sa Elsa Viken Gautefall.

ALE FOTO:OLE JOHANNES ØVRETVEIT



TIL SINE EIGNE: - Eg er fødd jastring. Og då er du alltid jastring, sa Ole John Østenstad.

JØLSTER: Etter at fleire hadde etterlyst attraktive, sentrumsnære tomter, grep Elsa Viken Gautefall ordet: - De kan ta garden vår! Finare tomter finn de ikkje på Skei!

OLE JOHANNES ØVRETVEIT
ole.johannes.ovretveit@firda.no

- Større engasjement enn dette har vi ikkje sett nokon plass. Her må vi ta ned veggver og bere bord for å få plass til alle, sa Rolf Sanne-Gundersen då Sunnfjord Næringsutvikling heldt folke- møte på Skei i møteserien om tettstadanalysen i den nye Sunnfjord-kommunen.

Til slutt hadde 170 menneske, eller omrent kvar tredje skeissar, benka seg i storsalen på Skei Hotell.

Etter ei relativt keisam innleiing om arbeidet med storkommunen, framført av ein smånærves storkommune-prosjekt- leiar Ole John Østenstad som tydeleg kjende på at han stod på (storkommune) fiendtleg grunn, vart det straks interessant då Øyvind Helleseth gjorde greie for arbeidet med å analysere sterke og svake sider ved Skei som tettstad:

Dårlegast folketalsvekst

Skei er eit trafikalt knutepunkt, som alle veit, tilbodet av både offentlege og private tenester er betre enn dei fleste stader (som kanskje ikkje alle veit), men der Skei har tappt dei siste 17 åra, i høve til Sande, Naustdal og Vassenden, er på netto tilflytting. Langt færre flyttar til Skei enn til andre stader, og det forklarer at Skei er den tettsta- den i Sunnfjord-kommunen som har hatt dårligast folke- talsvekst sidan 2000.

- Årsaka? Vel, eg slo opp på Finn.no for å sjå kva som fanst av ledige husvære. Eg fant tre tomter og tre husvære, og det



AVMÅLT: Det skulle bli livlegare etter kvart.



KOSTE SEG: Anne Kvellestad Klakegg fekk inn eit skikkeleg spydig stikk mot Førde. Og då er jo livet herleg.

var dett. Korleis ville eg tenkt om det, viss eg sat i Oslo og lurte på ein jobb i Sunnfjord, og lurtre på om Skei kunne vere ein stad å bu? sa Helleseth.

- Og dette er veldig irriterande å høre, det veit eg, smatt Rolf Sanne-Gundersen inn.

- For det finst fleire. Men det er jo ikkje råd å finne dei på nett? Dette er ei problemstilling vi har stått på alle stader vi har hatt møter. Det er heilt påføl- lande at ein ikkje marknadsfører dei ledige tomtena, sa Sanne Gundersen.

- Vi må legge til rette for fleire bustader, og det er det kommu-

nen som må gjøre. Å utvikle tomtefeltet er altfor kapitalkrevjande for private aktørar, meinte Bjørn Anders Steinsund, då publikum fekk ordet.

Kommunen må delta

- Eg har jobba 28 år i kommunen, og eg har sett at det er ein aukande tendens til at utbygging blir overlaten til private.

Men det verkar bremsende på utviklinga. For egedomsutvikling er kapitalkrevjande, og private aktørar er avhengige av bankar, som ikkje let dei sette i gang utbygging for husa er selt. Ein kommune kan selje ei tomt

for 200.000, og tape 400.000 på det, men det begynnar kommunen å tene inn att på skatteinngang frå første år. Det gjer ikkje private, sa Steinsund.

- ... og nettopp difor er det at vi jobbar med å blåse liv att i Førde tomteselskap, sa Ole John Østenstad.

- Førde tomteselskap var veldig deltakande under utbygginga av Viegåsen, Slåttabakkane og fleire andre store felt på 80- og 90-talet, men sidan det har det vore mindre aktivitet. Men, som de såg i Firda i går, er Gisle Stafnes i Førde tomteselskap veldig på hogget no. Eg

har ikkje tru på å tape 400.000 per tomt, men vi har i alle fall kapital til å vere tolmodige og vente på at alt blir solt.

Løysinga på alt

Anne Kvellestad Klakegg visste ei løysing på kapitalmangel:

- Skei-pakken. Vi berre set opp bommar, så får vi pengar til alt vi har lyst på. Det har eg lært i Førde, sa Klakegg.

Etter ein halvtimes ordveksling der mange var innom tronen for attraktive, sentrumsnære tomter, tok Elsa Viken Gautefall ordet akkurat idet møteleiar Rolf Sanne-Gundersen ville til å runde av. Ho glødde seg slik til det ho skulle seie at ho bokstavleg talt stod og hoppa, då ho fekk ordet:

- Eg og Einar sit med ein flott gard her på Skei, og for nokre år sidan kunne vi lese i Firda at vi var dei ueheldige og dei skulle ta garden vår til industriforeml. Skei er ei grøn perle, og det er to gardar som er kjernen i den grøne perla, og ein av dei er garden vår. Det gjekk hardt inn på oss, sa Gautefall.

- Men no har det gått nokre år, og det har no ikkje skjedd noko med den reguleringa. No ser vi at ingen av våre vil ta over, og vi må anten selje eller bli sitjande med det, men med dei våte somrane vi har hatt, så er det no ikkje råd å få slått nokon ting. Så no i kveld lanserer eg: Kommunen kan ta garden vår, og legge heile beitet vårt ut til bustadtomter! Det blir det mest fantastiske bustadfeltet på heile Skei! ropte, Gautefall.

- Og med gåavstand til alt, prøvde ektemannen Einar å legge til, men det drukna rett og slett i jubelbrusset i salen.

Såpass opphissa var stemminga, at Ole John Østenstad grep mikrofonen for å gjøre merksam på at han var i slekt med siste talar:

- Dette er det mest entusiastiske eg har hørt ein halv Østenstad vere nokon gong. Eg

Bustader


Bustader

- Generelle innspel frå alle folkemøte

- Rimelig og sentrumsnære tomtar
- God miks av einebustader, rekkehus og leilegheiter
- Fordel med eit tilbod av bustader som ein kan leige. Viktig slik at ein kan få prøve ut tettstaden for ein investerer mykje.
- Samspill mellom Sunnfjord kommune og «Sunnfjord Tomteselskap» er viktig.
- Finansieringskrav medfører ofte at det tar tid å realisere større tomteareal. Kanskje kan kommunen gjennom tomteselskapet gjøre det mogleg å komme i gang tidlegare.
- Kommunen må kanskje vere meir aktiv og ta ein større del av infrastrukturkostnader (vei, vann og avløp).
- Plassering er svært viktig, dvs. ein må regulere område kor folk ynskjer å bu.

8. Vegen vidare

Neste fase vil vere å utarbeide ein utviklingsplan for kvar tettstad og gjennomføre tiltaka. Døme på korleis ein kan organisere utviklingsarbeidet framover



Nærare om rollene og ansvar

Lokalt utval for tettstadsutvikling:

- 5-7 medlemmar gjerne med bakgrunn frå frivillige lag og organisasjonar og næringslivet
- Nokre element i formålet og oppgåvene til utvalet kan vere:
 - Fri rolle for å skape utvikling og attraktive lokalmiljø
 - Skape motivasjon og koordinere mellom frivillig sektor, næringsliv og offentleg sektor
 - Disponere budsjettmidlar øyremerka lokal utvikling
 - Vere pådrivar for lokale utviklingsprosjekt (Vel tiltak, møteplassar og idrettsanlegg)
 - Høyringsinstans i lokale saker (Regulering, samferdsle og kommunale tenester)

Tettstadutviklar

- Sekretariat for tettstadsutval
- Koordinering og bindeledd opp mot kommunen
- Deltidsstilling. Truleg behov for 50 % stilling i startfasen?
- Rapportere til tettstadutvalet og til Sunnfjord Utvikling eller kommunen
- Tettstadutviklaren må kjenne tettstaden godt, ha stort engasjement og eit godt nettverk.

Sentralt utval for koordinering av tettstadutvikling:

- Koordineringsorgan for tettstadutviklarane
- Nokre element i formålet og oppgåvene til utvalet kan vere:
 - Koordinere utviklingsprosessar som gjeld alle tettstadane
 - Lære av kvarandre og arena for å sjå heilskap
 - Arena for at tettstadutviklarar kan ta opp tilhøve med kommunen og vise versa.

Sunnfjord Utvikling:

- Sekretariat for sentralt tettstadsutval
- Koordinering og bindeledd opp mot kommunen
- Truleg behov for eigen tilsett som følgjer opp
- Rapportere til kommunen

Kva bør vere neste steg i prosjektet

- Fellesnemnda må ta stilling til korleis prosjektet skal førast vidare

-
- Korleis organisere tettstadutviklinga?
 - Ynskjer ein å etablere tettstadutval?
 - Ynskjer ein å opprette koordinatorer?
 - Korleis forankre dette inn mot lokaldemokrati?
 - Arbeidet må i ei neste fase ta vare på den lokale forankringa:
 - Drøfte organisering lokalt. Deltakarar i arbeidsgruppene bør vere representert for å ha kontinuitet.
 - Også drøfte om det i forslag til tiltak som er kome fram så langt i prosessen er tiltak som ein raskt kan gå i gong å arbeide med for at ein skal sjå resultat.
 - Tettstadutvala må gå igjennom ulike tiltak og legge ein plan for korleis ein skal arbeide vidare med desse.
 - Det vidare arbeidet bør organiserast som eit prosjekt som koordinerer arbeidet opp mot arbeidet med ny kommune og lokaldemokrati.

Kva bør vere neste steg i prosjektet


*- vi er allereie inviterte til Vevring, Viksdalen, Instedalen og Haukedalen? Kva gjere vi?
Og kva med Førde som den største tettstaden / byen i den nye kommunen:*

Kva med Førde som den største tettstaden / byen i den nye kommunen:

- Førde spelar også ei heilt sentral rolle i å skape attraktivitet i den nye kommunen:
 - Svært mange arbeidsplassar som er avgjerande for framtidig folketalsauke
 - Førde har urbane kvalitetar som skaper attraktivitet for tilflyttarar
 - Førde utfyller tettstadane rundt
- Kva bør ein sjå nærare på i dette prosjektet?
 - Førde har med sitt folketal og sin storleik, karakteristika som gjer at ein ikkje bør gjennomføre same tettstadutviklingsprosjektet som for dei andre tettstadane
 - Skal den nye kommunen evne å trekke til seg nye tilflyttarar blir det viktig at Førde vidareutviklar dei urbane kvalitetane. Eit prosjekt kan derfor vere å:
 - Analysere kva urbane tilbod kommunen har og kva tilbod som må vidareutviklast
 - Dette kan ein gjere gjennom å spørje utflytta ungdom og gjennom å drøfte spørsmålet i ei arbeidsgruppe med representantar frå næringsliv og frivillig sektor
 - Det er også avgjerande at Sunnfjord kommune utviklar fleire arbeidsplassar innan både privat og offentleg sektor
 - Det har vore sterk vekst i talet arbeidsplassar dei siste åra
 - Vil veksten halde fram?
 - Tiltaka i strategisk næringsplan vil vere heilt sentralt for å arbeide med dette og bør arbeidast vidare med som eit ledd i å gjennomføre tiltaka i strategisk næringsplan og ikkje i tettstadutviklingsprosjektet.

Korleis finansiere det lokale utviklingsarbeidet på kvar tettstad?

1. Finansiering av prosjektarbeidet:



2. Finansiering av dei årlege utviklingstiltaka på kvar tettstad:

- Gjennom lokale fond. Til dømes bruk av reformstøtte kr. 20,5 mill. knytt til kommunereform.

Ansvar/ Disclimer

Denne rapporten er utarbeida av PricewaterhouseCoopers (PwC) for Sunnfjord Utvikling i samsvar med engasjementsbrev datert 24. august 2017.

Informasjonen i rapporten er basert på ekstern kjelder, møte med representantar frå kvar tettstad og gjennomføre folkemøter. Vi vurdera våre kjelder og vårt informasjonsgrunnlag som påliteleg, men PwC garanterer ikkje for at dette er fullstendig, korrekt og presis. Framlagt informasjon må ikkje oppfattast å være verifisert av PwC.

Vår oppdragsgjevar har rett til å nytte informasjonen i denne rapporten i si verksemd, i samsvar med inngått avtale. Rapporten er å betrakte som eit offentleg dokument iht. offentleglova. PwC tek ikkje på seg noko ansvar for tap som er lidt av aktørane, eller andre som følge av at vår rapport eller utkast til rapport er distribuert, referert eller på annan måte nytta i strid med dette eller gjeldande avtale.

PwC beheld opphavsrett og alle andre immaterielle rettigheter til rapporten samt idear, konsept, modellar, informasjon og know-how som er utvikla i samband med vårt arbeid.